



Optimistisk gjeng som ser fram mot hausten. Frå venstre: Foreldrerepresentantar i styret Anne Kari Rørheim og Monica Tiedemann Storevik, dirigenten Tor Skeie Olsen, og muskarrepresentantane i styret Birgitte Hjelmland og Vegard Døssland. (Foto: Thor Inge Døssland)

Styret i skulemusikken er særns fornøgd etter at det onsdag vart endeleg klart at Tor Skeie Olsen overtar som dirigent frå hausten. Styret gjev uttrykk for at dei har vore særns heldige

Skeie Olsen har særns god musikalsk ballast og erfaring, og er svært flink i samarbeidet med barn og ungdom. Folk omtalar han som ein humørspreiar.

Dei seinare åra har han spela ei viktig rolle i det særns gode korpsmiljøet på Tysnes. No flyttar han heim att til barndomskommunen, han buset seg i Omvikdalen.

Det er særns verdfullt for korpslivet i Kvinnherad at slike personar flyttar heim att.

Det er første gang etter 1993 at skulemusikken engasjerer ein dirigent som ikkje er lærar i kulturskulen.

Den nye dirigenten er oppvaksen på Skeie og starta si musikalske løpebane i Rosendal skulekorps i ein periode då dei hevda seg heilt i landstoppen.

Han gjorde seg tidleg bemerkta som ein særns flink kornettist, og han var ung då han kom med i vaksenkorpsset Rosendal Musikklag.

Militærttenesta vart naturleg nok avtent i Gardemusikken.

Etter det byrja han og som dirigent, og dirigerte Rosendal skulekorps ein sesong før han flytta frå heimkommunen for å ta utdanning.

Han har og tidlegare vore engasjert i dirigentoppdrag for Uskedal skulemusikk, Våren 2002 hadde han det musikalske ansvaret for ei vellukka korpsdel med seminar og konsert.

I tillegg til korpsa i Rosendal, og Tysnes Musikklag har han mellom anna spela i elitekorpsset Askøy Brass.

Korpsa han har spela for, har brukt han mykje som solist. Dette har han gjort på ein så strålende måte at han har vunne solistpris både i NM, Siddis Brass tillegg til andre konkurransar.

Den nye dirigenten har klare tankar om korleis han skal ta vare på og utvikla både dei yngste og dei eldste

musikarane i korpset. Både han og styret ser med optimisme fram mot den komande sesongen.

Korpset hadde ved sesongslutt knapt 20 flinke musikarar, og Anders Christensen har hatt det musikalske ansvaret dei 3 siste sesongane der han mellom anna har losa dei gjennom store prosjekt som Brodahl-prosjektet og Ungt Blod.